



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Hanne Elin Herrebrøden, 51568718

Tildelingsbrev for 2023, tilskot til tiltak i beiteområde gjennom organisert beitebruk (OBB)

Rogaland har i 2023 fått tildelt 480 000 kroner til tilskotsordninga for investeringstiltak i beiteområde gjennom organisert beitebruk. Det er 80 000 kroner meir enn i fjor, i tillegg er det overført 19 607 kroner frå året før. Det vil seie at vi har totalt 499 607 kroner disponibelt. Statsforvaltaren har ansvar for å dele midlane mellom kommunane på basis av innmeldt behov.

Bakgrunn

Kommunane mottar søknader om tilskot til tiltak i beiteområde. Etter søknadsfristen 15. mars 2023 sender kommunane ei prioritert oversikt over søknadar og behov til Statsforvaltaren i Rogaland.

Følgande regelverk gjelder for tildeling av tilskotet:

- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder 04.02.2013 nr. 206, heretter forskrift.
- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder – kommentar til regelverk 2019/45, heretter rundskriv.

Lokale retningslinjer

Kommunane tildeler midlane etter egne lokale retningslinjer innanfor rammene i forskrift og rundskriv. Statsforvaltaren i Rogaland har ut frå søknadar og innmeldingar frå kommunane gjort prioriteringar:

Høgast prioritert er tiltak som sikrar formålet i § 1 med best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på beite, og fremme fellestiltak i beiteområdet. Det går på installasjonar som lettar tilgang og bruken av beite, tilsyn i beitesesongen, sanking og ettersanking på hausten. På grunn av liten tilskotspott blir kostnadsrevjande prosjekt for eksempel gjetar- og sankehyttene som regel ikkje prioritert, og elektroniske anordningar fått ein mindre prosentvis tildeling. Dette kan variere litt frå kommune til kommune.

Fordeling

Det er komme inn 28 søknadar til 7 kommunar. Kommunane har gått gjennom søknadane og meldt om prioritering og behov til Statsforvalteren. Samla er det planlagt tiltak med kostnad på 2 591 983 kroner til investeringar, med et søknadsbeløp på 1 461 457 kroner.



Enkelte søknadar fell utanfor regelverket, mens andre blir nedprioriterte på grunn av tilgang til midlar. Dette gjeld i stor grad søknadar enkeltpersonføretak som ikkje driv organisert beitebruk i eit beitelag. Søknadar til drift av elektroniske anordningar fell utanfor regelverket, sia dette ikkje er investeringstiltak jf. § 2 i forskrift.

Vi legg til grunn ein tilskotssats på om lag 40% til sanke- og skillegarar, sperregjerder og ferister m.m., og 30% for elektroniske anordningar. Det er i år tildelt tilskot til søknadar for utbetring og oppføring av gjetarhytte til Bjerkreim og Hjelmeland kommune. Beløp tildelt til kommunane er avrunda slik at 499 600 kroner er fordelt.

Fordeling av tilskot til tiltak i beiteområde for 2023:

Kommune	Tildeling	Kommune	Tildeling	Kommune	Tildeling
Lund	0	Sandnes	5 000	Tysvær	0
Sokndal	0	Stavanger	0	Karmøy	0
Eigersund	0	Randaberg	0	Haugesund	0
Bjerkreim	106 100	Kvitsøy	0	Bokn	0
Hå	0	Strand	0	Utsira	0
Time	0	Hjelmeland	165 300		
Klepp	0	Suldal	190 200		
Gjesdal	0	Sauda	33 000		
Sola	0	Vindafjord	0	Totalt	Kr 499 600

Utbetaling av tilskotet

Statsforvalteren i Rogaland har fordelt midlane til kommunane etter tabellen over. Kommunane kan nå gjere vedtak og tildele midlane. Det kan betalast ut inntil 75 % av innvilga tilskot før tiltaket er ferdig på grunnlag av godkjente dokumenterte kostnader jfr rundskriv.

Kontroll

For å sikre at tiltaka er gjennomført etter regelverket, må kommunane føre kontroll. I forskrift § 6A, står det at departementet også skal føre kontroll med at kommunens forvaltning av tilskotsordninga.

Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)
landbruksdirektør

Hanne Elin Herrebrøden
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Karmøy kommune

Postboks 167

4291

KOPERVIK



Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund